



Arkivnr: 2016/4742-1

Saksbehandlar: Karl Viken

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		19.05.2016
Fylkestinget		14.06.2016

Tertialrapport pr. april 2016 - rekneskapsprognose.

Samandrag

Fylkesrådmannen legg denne tertialrapporten fram i to steg til møtet i fylkesutvalet 19. mai 2016. Denne første utgåva tek for seg stoda for dei ulike avdelingane ved utgangen av 1. tertial. Utviklinga for investeringsprosjekta er omtala på same måte.

Til fylkesutvalet sitt møte 19. mai vil fylkesrådmannen ta med verknadene av det som kjem fram i revidert nasjonalbudsjett. Regjeringa legg fram denne meldinga 11. mai. 2016 og innhaldet her kan få innverknad på prognosene for sentrale budsjettområde.

Tertialrapporten etter 1. tertial viser så langt prognose om eit meirforbruk på 65 mill. kr. Av driftsavdelingane er det prognose om overskridning innanfor opplæring, tannhelse og eigedom. For regional og kultur ser det ut til å verta balanse mellom rekneskap og budsjett, mens det for samferdsel så langt viser innsparing samanlikna med budsjettet. For skatteinntektene ser det ut til å verta ein mindre svikt samanlikna med budsjettet. Prognosene etter 1. tertial er ein skattesvikt på 30 mill. kr. Konsesjonskraftinntektene viser også svikt etter 1. tertial med om lag 10 mill. kr. For rentekapitlet ser det ut til å gå mot innsparing på 15 mill. kr samanlikna med det som er budsjettert.

Som del av tettare oppfølging av den avdelingsvise budsjettstyringa, har fylkesrådmannen innført ordning med kvartalsvis rapporterting frå avdelingsdirektør til fylkesrådmann. Ved gjennomgang av rapportane har avdelingsdirektør og fylkesrådmann avtalt tiltak som skal setjast i verk for å betra prognosene.

Sjølv om prognosene viser meirforbruk på 65 mill. kr, er det etter 1. tertial framleis ikkje fare for rekneskapsunderskot. I budsjettet for 2016 er det sett av 90 mill. kr til finansiering av investeringar. Deler av denne summen må i tilfelle strykast ved rekneskapsavsluttinga. Prognosene er likevel urovekkjande og den økonomiske situasjonen vert svekka om den slår til.

Forslag til innstilling/vedtak/avgjerd

1. Fylkestinget tek tertialrapporten til orientering.
2. Budsjettet for 2016 vert endra slik:

Forslag om budsjettendringar vil liggja føre til møtet i fylkesutvalet 19. mai.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen
fylkesdirektør økonomi og organisasjon

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Fylkesrådmannen, 10.05.2016

Investeringar

Tabellen gjev oversyn over kor mykje som er brukt til investeringar pr. 1. tertial:

	Reknesk. pr. apr.	Årsbudsj.	Forbruk i % av årsbud.
Administrasjon	7 253	25 000	29,0 %
Fellesfunksjonar (universell utforming m.m.)	23 187	33 000	70,3 %
Årstad vgs.	29 381	46 000	63,9 %
Nye Voss gymnas	113 109	270 000	41,9 %
Nye Voss vgs.	65 132	181 000	36,0 %
Andre prosjekt opplæring	37 762	240 000	15,7 %
Tannhelsetenesta	3 189	25 000	12,8 %
Fylkesvegar	459 827	1 734 300	26,5 %
Bybanevogner	119 907	124 300	96,5 %
Bybaneutbygging	218 754	560 000	39,1 %
Andre prosjekt samferdsel	25 618	94 000	27,3 %
Kultur	779	3 000	26,0 %
TOTAL	1 103 898	3 335 600	33,1 %

Tabellen syner at forbruket samsvarer bra med budsjettet; samla er det brukt 33,1 % av budsjettet pr. 1. tertial. Det tyder på at investeringsprosjekta i stor grad er i god gjenge.

Status for framdrift og økonomi i dei enkelte investeringsprosjekta er omtalt nedanfor. Dette viser at ein i nokre prosjekt ligg litt etter opphavleg framdriftsplan, mens ein i andre har forsert framdrifta og får meir utgifter i år enn budsjettet. Det er også behov for løving til nokre nye prosjekt som ikkje var lagt inn i opphavleg budsjett. Dei nye prosjekta er nærmere omtalt nedanfor.

Opplæring

Rehabilitering/ombygg/mindre tilbygg i skulesektoren

Fylkesrådmannen har gått gjennom status for framdrift og prognose for alle delprosjekt. Prognosene totalt for året er eit forbruk på omlag 100 mill. kr. Innanfor budsjettsummen er det sett av 35 mill. kr til rehabilitering av Odda vidaregåande skule. Kostnadsramma for prosjektet er 115 mill. kr og fylkesrådmannen vil koma attende til dette som eige prosjekt i budsjettet for 2017.

Årstad videregående skole – tilbygg/rehabilitering

Ein er i sluttfasen med rehabilitering av Årstad videregående skole. Det viser seg at oppgradering av lokala som skal nyttast til tilrettelagt opplæring, garderobeanelegget i bygg B vert noko høgare enn rekna med. I tillegg er sluttarbeidet i bygg A noko meir omfattande. Samla er det forslag om å auka budsjettet med 45 mill. kr til 91 mill. kr som sluttløyving. Det har då vore gjennomført ei omfattande rehabilitering av Årstad videregående skole over fleire år. Samla har opprustinga kostat om lag 650 mill. kr.

Nye Voss gymnas

I budsjettet for 2016 er det sett av 270 mill. kr til nye Voss gymnas. Arbeidet er i god gjenge og det er ikkje venta avvik i 2016.

Nye Voss vidaregåande skule

I budsjettet for 2016 er det ført opp 181 mill. kr til ferdiggjering av den nye Voss videregående skule på Skulestadmo. Fylkesrådmannen vil koma attende til dette prosjektet i tertialrapporten etter 2. tertial. Då vil ein ha oversyn over totalkostnadene for prosjektet.

Åsane videregående skole

Det er ikkje venta budsjettavvik for dette prosjektet i 2016. Fylkesrådmannen har under utarbeiding romprogram som kjem til politisk handsaming i juni 2016. Prosjektet vert monaleg utvida i høve til tidlegare planar og fylkesrådmannen kjem nærmere attende til dette i saka om romprogram og i budsjettet for 2017 og økonomiplanen.

Tertnes videregående skole

Kostnadsoverslaget for dette prosjektet vart auka frå 140 mill. kr til 210 mill. kr i sak om godkjenning romprogrammet. Det er ikkje venta budsjettavvik i 2016, og fylkesrådmannen kjem nærmere attende til dette i budsjettet for 2017.

Bergen Katedralskole – tilbygg

I 2016 er det budsjettert med 65 mill. kr til dette prosjektet og fylkesrådmannen reknar ikkje med avvik av negativt slag. Ein har fått inn tilbod på arbeida og desse er godt i samsvar med det som er budsjettert.

Samferdsel

Bussanlegg Sunnhordland

Det er kjøp eigedom på Stord og på Børnlo til desse anlegga. Ein har fått inn tilbod på arbeida og det er ikkje venta avvik i høve til budsjettet. Etter framdriftsplanen skal anlegga stå ferdige sommaren 2017.

Terminalbygg/sjåførfasiliteter

Ei del mindre prosjekt er under planlegging, men framdrift og totale kostandar en noko usikre. Fylkesrådmannen vil kome attende til status og legg så langt til grunn at prosjekta vert avgrensa innanfor budsjetttramma på 5 mill. kr.

Kaianlegg - oppgradering

Det er løyvd 1 mill. kr til dette føremålet i 2016. Så langt i år er det planlagt å bruke om lag 0,5 mill. kr til sluttoppgjer for oppgradering av Flesland kai.

Andre postar

For investeringane som gjeld billetteringssystem, ruteinformasjonssystem, automatisk passasjerteling, trafikkinformasjonssystem, miljømodell ferjebanebod og vognmateriell til bybanen er det pr. 1. tertial ikkje meldt om avvik.

Bybanen

I 2016 er det budsjettert med 350 mill. kr til byggesteg 3 og 200 mill. kr for byggesteg 4. Prognosene på totalforbruk i 2016 er noko usikker så tidleg på året. Behov for budsjettjusteringar kjem fylkesrådmannen attende til i 2. tertialrapport.

Fylkesrådmannen vil i neste tertialrapport koma nærmere attende til totalkostnadene for byggesteg 3. I Stortingsproposisjonen om Bergensprogrammet var det lagt til grunn ei kostnadsramme på 3 603 mill. 2013-kr.

For å få mest mogeleg kontinuitet i bybanebygginga er ein i samarbeid med Bergen kommune kome i gang med samordna regulering og prosjektering for byggesteg 4 mot Fyllingsdalen. Den samla prosjekteringskostnaden er rekna til om lag 200 mill. kr. Fylkesrådmannen viser i denne samanhengen også til vedtak i fylkestinget om fylkeskommunal forskottering av grunnkjøpskostnader.

I det siste har det også vore drøfta å nytta Stein frå arbeidet med Ulrikstunnelen til utfylling i Store Lungegårdsvann for å koma raskare i gang med bybanetraseen mot Fyllingsdalen. Fylkesrådmannen vil koma attende til dette og vil då vurdera om fylkeskommunal delfinansiering t.d. gjennom forskottering kan vera aktuelt.

Fylkesvegar

Fylkesrådmannen vil nedanfor gje ein kort statusrapport for strekningsvise prosjekt, programområda, standardhevingstiltaka og rassikringsprosjekta.

Bergensprogrammet – store prosjekt

Ringveg Vest byggetrinn 2

Prosjektet vart opna for trafikk hausten 2015. Det har vore uvisse knytt til sluttoppgjeret med hovudentreprenøren. Dette er no avslutta og fylkesrådmannen foreslår å auka budsjettet med 20 mill. kr – til 80 mill. kr – finansiert med bompengar. Totalkostnaden for prosjektet ligg godt under den godkjende styringsramma.

Hjellestadvegen

Prosjekteringen for anlegget er i god gjenge og det er lagt opp til utlysing av anbod hausten 2016. Ein er i gang med grunnkjøp. Bompengar frå tidlegare år kan nyttast, slik at budsjettet for 2016 kan reduserast med 13 mill. kr – til 7 mill. kr.

Åsamyrvegen

Sluttoppgjer for prosjektet var venta i 2015 og det er dermed ikkje budsjettert med løying i budsjettet for 2016. Prosjektet er finansiert med tilskot og forskotterte midlar. Fylkesrådmannen foreslår løying i 2016 på 12 mill. kr finansiert med tilskotsmidlar som ei teknisk budsjettoppfølging av at sluttoppgjeret vert gjennomført i 2016 i staden for 2015.

Programområda i Bergensprogrammet

Regionvegsjefen har så langt ikkje meldt om større avvik i høve til det vedtekne byggeprogrammet. Fylkesrådmannen vil kome attende til delprosjekta i programområda i 2. tertialrapport når prognosane er sikrare.

Strekningsvise prosjekt utanom Bergen

Fv 48 Tyssetunellen (Samnanger)

Tunnelen var ferdig og opna for trafikk sommaren 2015. I budsjettet for 2016 var det lagt til grunn at sluttoppgjeret ville koma i 2016 og det vart sett av 24 mill. kr til dette. Regionvegsjefen opplyser no at sluttrekningane kom tidlegare enn rekna med slik at det ikkje vil vera behov for den avsette budsjettsummen. Fylkesrådmannen foreslår difor å redusera budsjettet med 24 mill. kr.

Fv158 Grindavoll – Lepsøy (Os).

Arbeidet på denne strekninga er i gang. Tilbod som er komne inn er lågare enn budsjettert, så fylkesrådmannen foreslår å redusera budsjettet med 4,1 mill. kr til 46,9 mill. kr. Det er vidare planar om prosjektering av mindre tiltak på Lepsøy innanfor den løyvde budsjettsummen. Fylkesrådmannen vil koma attende til dette.

Fv6 Haugalandspakken Sveio-Buavåg (Sveio)

Framdrifta for prosjektet er litt seinare enn venta med oppstart i midten av april. Budsjettet kan etter dette reduserast med 9,7 mill. kr frå 25 mill. kr til 15,3 mill. kr. 8 mill. kr av reduksjonen gjeld bompengar.

Fv567 Hosanger sentrum (Osterøy)

Prosjektet har gått raskare og vart rimelegare enn lagt til grunn i budsjettet for 2016. Det står att litt restarbeid inneverande år, men budsjettet kan reduserast med 12 mill. kr – frå 23 mill. kr til 11 mill. kr.

Askøypakken (Askøy)

Prosjektering og grunneverv har teke lengre tid enn lagt til grunn. For prosjektet Lindhaugen-Slettebrekka er det venta oppstart tidleg hausten 2016. For prosjektet Strømsnes-Hop er prosjekterings- og grunnkjøpsarbeida på det nærmeste avslutta. Konkurransegrunnlaget kan då utarbeidast og anleggsstart er venta tidleg i 2017. Ut frå dette kan budsjettet for 2016 reduserast med 60,5 mill. kr frå 145 mill. kr til 84,5 mill. kr. 48 mill. kr av reduksjonen gjeld bompengar.

For dei andre større prosjekta i budsjettet for 2016; Kvammapakken, Bømlopakken, Storskaret-Arefjordpollen, Stord vestside, kollektivterminal på Voss og Askøybrua – fysiske tiltak, er det etter 1. tertial ikkje meldt om behov for budsjettendringar, men fylkesrådmannen kjem nærmere attende til dette i neste tertialrapport. M.a. vil då framdrifta for prosjekta i Kvammapakken vera nærmare avklara og for Bømlopakken ein vil ha med seg effekten av auken i bomtaksten.

Budsjettekniske endringar

Nokre av prosjekta har litt endra framdrift enn lagt til grunn og den budsjetterte summen må då justerast. Dette gjeld prosjekta Venjaneset-Strandvik(Fusa) og Ringheimsvegen(Voss). Det var lagt til grunn at desse prosjekta kunne avsluttast i 2015, men seinare framdrift gjer at dei først vert ferdige i 2016. Løyvingane må dermed skuvast til 2016. Til saman gjeld dette 15,6 mill. kr. I tillegg foreslår regionvegsjefen sluttløyving for seks prosjekt med til saman 3,8 mill. kr – der 3,4 mill. kr vert finansiert med bompengar. Samla fører fylkesrådmannen opp 19,4 mill. kr til avslutting av prosjekt.

Nordhordlandspakken

For å koma i gang med tiltak straks bompengesøknaden er handsama i Stortinget foreslår fylkesrådmannen å setja av 5,6 mill. kr til prosjekteringstiltak m.a. til prosjektet Marås-Soltveit. Fylkesrådmannen reknar dette som ein del av den fylkeskommunale deltakinga i Nordhordlandspakken. Det må understrekast at om bompengesøknaden for Nordhordlandspakken ikkje skulle verta godkjend i Stortinget, må løyvinga vurderast på nytt.

Programområde utanom Bergen og Standardhevingstiltak

Til programområde utanom Bergen er det i 2016 til disposisjon 93 mill. kr. I tillegg er det løyvd 144 mill. kr til standardhevingstiltak.

Innanfor standardhevingstiltaka er det sett av midlar til oppgradering av tunnelar i samsvar med tunellsikkerheitsforskrifta. Regionvegsjefen melder no at ein ikkje maktar å gjennomføra så mykje arbeid som det var lagt opp til, m.a. med bakgrunn i manglande prosjekterings- og byggherrekapasitet. Fylkesrådmannen er uroleg for at dette arbeidet dreg for langt ut i tid. Det er sett frist frå statleg hald om gjennomføring av dette arbeidet innan 2025, og seinking av oppgraderingsarbeidet no, vil pressa investeringsbudsjettet seinare. Fylkesrådmannen vil ta dette opp med regionvegsjefen.

Regionvegsjefen foreslår å nyta meir midlar innanfor standardhevingsposten til bruvedlikehald og tiltak for å betra murar/vegkantar. I tillegg er det forslag om å overføra 5,7 mill. kr frå standardhevingsposten til finansiering av sykkeltiltak på Stord under programområdet gang- og sykkeltiltak. Staten har løyvd 5,5 mill. kr, med føresetnad om tilsvarande fylkeskommunal løyving for å gjennomføre prosjekta Skrivarvegen 1 og 2. Samla kostnad for tiltaket Skrivarvegen 1 er no rekna til 11,2 mill. kr. Fylkesrådmannen foreslår at fylkeskommunen løyver resterande sum på 5,7 mill. kr. Det må gjennomførast ny søknad for å gjennomføre prosjektet Skrivarvegen 2 frå den statlege tilskotsordninga for å auke sykkelbruk i kommunar og fylkeskommunar.

Regionvegsjefen foreslår vidare å overføra 2 mill. kr frå standardhevingsposten til programområdet miljøtiltak til finansiering av ny stoppeplass i Granvin med informasjon til vegfarande.

Fylkesrådmannen sluttar seg til desse endringsforsлага. Samla er det etter dette foreslått overført 7,7 mill. kr frå standardhevingsposten til programområda. Innanfor standardhevingsposten er det forslag om å nytta 14,6 mill. kr meir til bruvedlikehald/murar/vegkantar slik at den samla reduksjonen for tunnellsikkerheitsarbeidet for 2016 er 22,3 mill. kr.

Rassikring

Fv7 Haukanesberget (Granvin)

Prosjektet er ferdig og det står att sluttoppgjer. Løyvinga kan reduserast med 9 mill. kr til 40 mill. kr.

Fv7 Lussandberget (Granvin).

Det er lagt til grunn at prosjektet vert ferdigstilt til årsskiftet 2016/17. Budsjettet for inneverande år kan reduserast noko ettersom sluttoppgjeret kjem i 2017. Det er forslag om å redusera løyvinga med 45 mill. kr til 93 mill. kr.

Fv 344 Oddaneset(Vaksdal)

På denne strekninga har ein arbeidd med ulike rassikringsløysingar. Regionvegsjefen foreslår å gjere mindre omleggingar av vegen og bygge møteplassar slik at ein unngår at bilar må rygge/stoppe i rasutsett område. Dette vil betre tryggleiken for trafikantane og hjelpe noko på situasjonen ein har hatt m.a. for Gullbrå dei siste vintrane. Tiltaket skal drøftast nærmare med Vaksdal kommune og dei busette på Gullbrå. I utgangspunktet er det føresett å gjennomføre tiltaket i år, men dersom det vert ein tidleg vinter må kanskje noko av arbeidet utsetjast til neste år. Fylkesrådmannen foreslår å omdisponera 18 mill. kr av innsparingane ovanfor for å gjennomføra dette tiltaket.

Kultur

Det er sett av 3 mill. kr til restaurering av verneverdige bygg i fylkeskommunal eige. Summen vert nytta til restaureringsarbeid ved Stend hovedgård.

Tannhelse

I budsjettet for 2016 er det budsjettert med 20 mill. kr til tannklinikkar.

Askøy tannklinik.

Noverande Kleppestø tannklinik og Florvåg tannklinik vert samlokaliserte i ein ny Askøy tannklinik i Kleppestø senter. Kostnadsramma for nye Askøy tannklinik er no 17 mill. kr. Fylkesrådmannen vil koma nærmare attende til dette prosjektet i tertialrapporten etter 2. tertial.

Fellesfunksjonar

Fylkeshuset – ombygging/opprustning

Løyvinga er på 2 mill. kr og det er ikkje meldt om avvik.

El-bilar

Det er løyvd 2 mill. kr til kjøp av el-bilar i 2016. Fylkesrådmannen kjem attende til denne posten i tertialrapporten etter 2. tertial.

IT-fellessystem

Løyvinga er på 23 mill. kr og det er ikkje meldt om avvik i forhold til ramma pr. 1 tertial.

Profilering av eigedomar

I budsjettet for 2016 er det sett av 6 mill. kr til sluttløyving.

Drift

Statsbudsjettet 2016/Revidert nasjonalbudsjett 2016

Revidert nasjonalbudsjett vert lagt fram 11. mai 2016. I den reviderte utgåva av tertialrapporten vil fylkesrådmannen ta omsyn til det som kjem fram i stortingsmeldinga. Dette kan eventuelt påverka prognosene på sentrale postar.

I statsbudsjettet for 2016 vart det gjort nokre mindre endringar som påverkar fylkeskommunen sitt budsjett. M.a. vart læringstilskotet auka og fylkesrådmannen foreslår at budsjettet vert justert for denne endringa.

Kvartalsvis rapportering og arbeid med tiltak

Fylkesrådmannen har innført ordning med kvartalsvis rapportering for å følgja budsjettstyringa tettare. Det vert utarbeidd kvartalsvise rapportar frå kvar avdelingsdirektør til fylkesrådmannen med etterfølgjande møte for gjennomgang av rapporten.

Møteserien med avdelingsdirektørane og fylkesrådmannen vart gjennomført for kort tid sidan. Det er avtalt oppfølgingsmøte med nokre avdelingsdirektørar for å gjennomgå avtalte budsjetttiltak.

Fylkesrådmannen vil koma nærare attende til dette i den reviderte utgåva av saka og legg til grunn at arbeidet med kvartalsrapportar og etterfølgjande tiltak, vil betra prognosene noko.

Politiske organ og administrasjon

Seks nye strategiar skal gjere fylkeskommunen meir synleg og tydeleg i prioriteringane. Strategien er ei vidareføring av arbeidet med «Førebuud på framtida». Mellom anna skal dette arbeidet bidra til å styrke økonomien til HFK. Økonomi- og organisasjonsavdelinga skal vidare bidra til ein sunn og berekraftig økonomi basert på tenlege styringsverktøy og god økonomiforståing. Det er særleg merksemrd på kontinuerleg forbeting og gevinstrealisering.

Implementeringa av eit nytt økonomisystem er i rute, og systemet vil vera på plass 1. januar 2017. 4 ulike økonomisystem vil då verta erstatta av eitt nytt integrert system som samla innehavar funksjonane i dei 4 gamle.

Samla sett er det god budsjettkontroll for dei sentrale administrasjonsbudsjetta. Årsprognosene er eit overskot på 3 mill. kr.

Det vert elles vist til den vedlagte økonomirapporten frå økonomi- og organisasjonsavdelinga.

Fellesfunksjonar / lønsavsetjing

Det er oppnådd semje i dei sentrale lønsforhandlingane for kommunesektoren. KS har rekna ut årslønsveksten 2015-2016 til 2,4 %. På lønsavsetjingskontoen er det budsjettet med ein lønsvekst på 2,7 %. Dette tilseier ei innsparing på knapt 9 mill. kr.

Opplæring

Prognosene for opplæringssektoren samla er ei budsjettoverskridning på 53 mill. kr. I og med at verksemder i Hordaland er råka av økonomisk usikkerhet er det spesielt vanskeleg å anslå talet på læreplassar og naudsynt Vg3-tilbod. Det heftar difor uvisse med denne prognosene.

For skulebudsjetta samla ser det ut til å gå mot budsjettoverskridning på 31 mill. kr. Omlag 13 mill. kr av meirforbruket vert dekka ved overføringerar frå driftsfond ved skulane. Samla sett er difor prognosene for dei

vidaregåande skulane omlag 18 mill. kr i meirforbruk. Det er mange ulike årsaker på kvar enkelt skule til dette budsjettavviket og fylkesrådmannen har satt i verk ein prosess for å innføre naudsynte tiltak tilpassa kvar enkelt skule. Desse tiltaka vil bli rapportert og følgd opp i særskilde møte.

For lærlingar ser det ut til å gå mot budsjettoverskridning på om lag 35 mill. kr. Dei usikre økonomiske tidene i verksemndene fører til både usikkerhet for talet på læreplasser og meirkostnadar i samband med at Hordaland fylkeskommune må starte fleire Vg3 tilbod. Auka satsar på lærtingtilskot fører til meirkostnad i forhold til budsjettet.

Sjølv om prognosene på 53 mill. kr i meirforbruk er relativt liten samanlikna med det store budsjettet i opplæringssektoren, er det viktig å halda fram med budsjettstyringa i skulane og i opplæringssektoren. Fylkesrådmannen vil grunna uvissheet med prognosene følgje denne sektoren spesielt tett.

Det vert elles vist til den vedlagte økonomirapporten frå opplæringssektoren.

Tannhelsetenesta

For tannhelsesektoren syner tala eit relativt stort underskot etter fire månadar. Budsjettet for 2016 er nokså stramt, og det er ikkje venta at sektoren klarar å betre stoda fram mot slutten av året. Fylkestannlegen melder om ein negativ årsprognose på 9 mill. kr. Ikkje realiserte klinikkendringar er rekna å kosta sektoren om lag 3 mill. kr i år. No når TK Vest har vore i drift ei tid, og økonomien har sett seg, viser det seg at spesialistsenteret ikkje gjev det bidraget til sektoren sin økonomi som var venta. Senteret treng budsjettstyrking for å klare å koma i balanse, slik det ser ut etter 1. tertial. I tillegg er det ein negativ faktor for sektoren at det truleg må avskrivast for tap på gamle krav. Det vert arbeidd med kartlegging av dette og det er enno for tidleg å seia kor stort tapet som må rekneskapsførast vert.

Fylkesrådmannen – i samarbeid med fylkestannlegen – vil vurdera tannhelsesektoren sitt budsjettet for 2016. I samband med tertialrapporten etter 2. tertial, vil fylkesrådmannen foreslå tiltak etter gjennomgangen av budsjettet. Det kan gjelda budsjettjusteringar og justering av takstnivået ved spesialistklinikken. Til neste tertialrapportering vil ein også ha klar gjennomgangen av kva krav som må tapsførast og fylkesrådmannen legg opp til å retta opp dette ved neste tertialrapportering.

Det vert elles vist til den vedlagte økonomirapporten frå tannhelsesektoren.

Regional utvikling

Regionalavdelinga ser ut til å gå mot balanse mellom budsjett og rekneskap ved utgangen av året. Dette er også prognosene som avdelinga har meldt inn. Dette er ein relativt sett positiv prognose i og med at regionalavdelinga fekk eit stort nedtrekk i 2016- budsjettet.

Det vert elles vist til den vedlagte økonomirapporten frå regionalavdelinga.

Fylkeskommunal næringsverksemd/konsesjonskraftinntekter

Det er budsjettert med netto inntekt på 50 mill. kr i 2016. Prognosene for 2016 er på knapt 40 mill. kr etter 1. tertial. Det ser dermed ut til å gå mot svikt i budsjettet for konsesjonskraftinntektene.

Kraftprisane har vore låge den siste tida og det er ikkje teikn på at dei vil stiga med det først. Tvert om er det fleire som tek til orde for at det er kome eit varig lågare prisbilete innanfor kraftsektoren.

Samferdsel

Fylkesvegvedlikehald

Regionvegsjefen melder at det kan gå mot overskridning for vegvedlikehaldet også i 2016. Deler av overskridninga skuldast etterverknader av fleire stormar (Nina, Synne og Tor) der kostnadene først vert

rekneskapsførte i 2016. Dette gjeld driftskontraktane i Nordhordland og Sunnhordland som samla viser eit meirforbruk på 12,5 mill. kr. Det er også meirkostnader for kontraktane som gjeld Hardanger og Voss.

Samla er prognosene eit avvik på 19 mill. kr for fylkesvegvedlikehaldet. Fylkesrådmannen legg til grunn at regionvegsjefen styrer vedlikehaldet mest mogeleg innanfor budsjettet og vil ta ein gjennomgang av vegvedlikehaldet med regionvegsjefen.

Kollektivtransport

Talet på reisande er aukande og inntektssida viser ein positiv tendens samanlikna med budsjettet. Så langt ligg inntektssida 19 mill. kr over det som er budsjettet. Det er grunn til å tru at innføringa av tidsdifferensierte bompengar i Bergen frå 1. februar 2016, har bidrege til denne positive utviklinga.

Fylkesdirektør samferdsel melder vidare om lågare kostnader på grunn av lågare indeksregulering på transportkontraktar, som følgje av lågare oljepris, rentekostnadar, lønsutvikling og andre kostnader. Prognosen så langt er at dette kan gje noko innsparing. I prognosene er det teke omsyn til at det kjem tilleggskostnader seinare i året med oppstart av bybanedrift til Birkelandsskiftet og tilhøyrande bussopplegg fram til Flesland. Skuleskyssutgiftene ser og ut til å auka noko. Samla ser ut til å gå mot innsparing på 5 mill. kr på kostnadssida. Dermed er prognosene for kollektivtransporten 24 mill. kr betre enn det som er budsjettet.

I budsjettet for 2016 er det sett av 10 mill. kr til takstsamordning med NSB på strekninga Bergen-Arna. Så langt har det ikkje lukkast å få til avtale om slik samordning. Totalt ser det dermed ut til å gå mot innsparing på 34 mill. kr for kollektivdrifta.

Med negativt avvik for fylkesvegvedlikehald på 19 mill. kr og positivt avvik for kollektivtransporten på 34 mill. kr, er prognosene pr. 1. tertial for samferdselsområdet svakt positivt med 15 mill. kr samanlikna med budsjettet.

Fylkesrådmannen er tilfreds med utviklinga innanfor kollektivtransporten. Det har dei siste åra vore til dels store avvik frå budsjettet, så det er positivt at ein no har god styring på kostnadssida og vekst i både passasjertal og passasjerinntekter.

Kultur og idrett

Kultur og idrettsbudsjettet rapporterer ei prognose som er i samsvar med budsjettet. Store delar av utgiftene er knytt til dei løyingar som er tildelt sektoren og inntektene er relativt stabile og forutsigbare i forhold til vedteke budsjett. Det er difor relativt liten usikkerhet knytt til prognosene for kultur og idrett.

Fylkesrådmannen viser elles til den vedlagde rapporten for kultur- og idrettsavdelinga.

Eigedom

Eigedomsavdelinga rapporterer eit meirforbruk i 2016. Dette kjem som følgje av fleire økonomiske utfordringar i sektoren. Det er rekna med ein svikt knytt til husleige. Vidare er det og meirkostnadar knytt til innleige av nøkkelkompetanse. Eit anna negativt moment er at kostnadane knytt til drift av eksisterande skysstasjonar/ terminalar vil bli noko høgare enn lagt til grunn i budsjettet. Eit siste negativt moment er at det i budsjettet for 2016 er lagt til grunn at drift av bygg som skulane ikkje lenger nyttar er lagt til eigedomsavdelinga. Slik det no ser ut vil dette føra til auka driftskostnadar på om lag 3 mill. kr. i 2016.

Utover hovudutfordringane som er nemnt, er det god kontroll på eigedomsavdelinga sin økonomi og for heile sektoren vert det meldt ein negativ årsprognose på 5 mill. kr.

Fylkesrådmannen viser elles til den vedlagde rapporten for Eigedomsavdelinga.

Skatt og rammetilskot

Skattetala pr. 1. tertial er først klare om 2 veker. Førebelse tal og prognosar tilseier ein negativ prognose på skatteområdet. Skatteinngangen pr. mars var 13 mill. kr lågare enn budsjettet. Førebelse tal tilseier noko større svikt pr. april. Mai er neste store skattemånad, og tidleg i juni vil det vera klart om fylkeskommunen er på ein betre trend når det gjeld skatteinngangen enn det som har vore tilfelle til og med mars. Motsett kan det vera at skattesvikten vil bli større dersom arbeidsløysa aukar endå meir enn den har gjort. I prognosene er det ikkje teke høgde for at regjeringa eventuelt skulle kome med kompensasjon gjennom auka rammetilskot grunna ein svikt i skatteinntektene til kommunesektoren, slik tilfellet var i 2015.

Førebels held ein på ein relativt nøytral prognose som tek høgde for ein svikt på om lag 30 mill. kr ved utgangen av året.

Pensjon

Hordaland fylkeskommune legg ved 1. tertial til grunn at berekningane til pensjonsleverandørane KLP og Statens Pensjonskasse ved budsjetteringa av pensjonskostnadane i 2016 framleis held seg. Ein har ikkje nye tal eller føresetnader som skulle avvika frå det som ligg i budsjettet. For 2015 justerte ikkje SPK kostnadsprognosane sine for nye føresetnader frå KMD før langt inn i 2015. Dette førte til at fylkeskommunen fekk eit stort positivt budsjettavvik på pensjonsområdet i 2015. Det er ikkje å venta at budsjetta til dei to pensjonsleverandørane endrar seg så mykje at vi vi får vesentlege innsparinger, slik som i 2015. Førebels er prognosene difor at dette området endar opp i balanse.

Renter og avdrag

Ein har oppnådd lågare rentesatsar enn budsjettet for lån som har hatt renteregulering i første tertial. Det synest realistisk å oppnå ei innsparing på opp mot 15 mill. kr i 2015.

Oppsummering

Prognosene for dei ulike områda kan summerast opp slik:

	mill. kr
Politiske organ og administrasjon	3
Fellesfunksjonar/lønsavsetjing	9
Opplæring	- 53
Tannhelse	-9
Regional utvikling	0
Fylkeskommunal næringsverksemd	- 10
Samferdsel	15
Kultur og idrett	0
Eigedom	- 5
Skatt og rammetilskot	- 30
Renter og avdrag	+ 15
TOTAL	65

Tertialrapporten etter 1. tertial 2016 syner eit meirforbruk på 65 mill. kr. Rapporten viser at det er innanfor opplæring, tannhelse, fylkeskommunal næringsverksemd, skatteområdet og eigedom at det ligg an til eit meirforbruk.

For rentekapitlet og lønsavsetjinga ser det ut til å gå mot innsparing samanlikna med det som er budsjettet. Opplæringssektoren utmerkar seg med å vera i ein økonomisk utfordrande situasjon. Det same gjeld tannhelsesektoren; som over eit relativt lite budsjett melder eit stort negativt budsjettavvik for 2016.

Sjølv om det prognosene viser meirforbruk på 65 mill. kr, er det etter 1. tertial ikkje fare for rekneskapsunderskot. I budsjettet for 2016 er det sett av 90 mill. kr til finansiering av investeringar. Deler av denne summen må i tilfelle strykast ved rekneskapsavsluttinga. Prognosene er likevel urovekkjande og den økonomiske situasjonen for fylkeskommunen vert svekka om den slår til.

Risikovurdering

Gjennom kvartals- (administrativ rapportering) og tertialsvise rapporteringar skal alle avdelingane vurdere og melde inn risikofaktorar i forhold til økonomiske avvik - kor sannsynleg er det at avvik vil oppstå og økonomiske konsekvensar. Dei skal også skissere eit utfallsrom om beste og verste utfall og kva som er dei største «risiko-elementa» økonomisk sett. Innanfor avdelingane regional utvikling, kultur- og idrettsavdelinga, økonomi- og organisasjonsavdelinga er det lite sannsynleg med store avvik og relativt små økonomiske konsekvensar.

Fylkesrådmannen vurderer det slik at det er størst risiko i prognosene for skatteinntekter, inntekter innanfor kollektivtransport, kostnadene til drift av fylkesvegane og kanskje spesielt innanfor opplæringssektoren totalt sett. Dette er nærmere omtalt i eigne avsnitt lenger framme i denne saka.

Omsetjinga innanfor kollektivtransporten og opplæringssektoren er så stor at det ikkje skal store prosentvis avvik til før det blir snakk om fleire mill. kr. Fylkesrådmannen vil følgje utviklinga nøyde blant anna gjennom nøkkeltalls-rapportering (sjå eige avsnitt) og kome nærmere attende til dette i 2. tertialrapport.

I tannhelsesektoren er det størst risiko i samband med gamle krav i balansen som ikkje tapsført. Det er i gangsett eit arbeid som vil synleggjera omfanget av risikoen og ta festa kva tap som HFK må rekneskapsføra i 2016.

Etter 1. tertial er prognosene for opplæringssektoren ei budsjettoverskridning på 53 mill. kr, men den store usikkerheten for talet på lærelasser og VG-3 klasser kan endre prognosene både den eine og den andre vegen. Fylkesrådmannen har varsle et særlig fokus på denne sektoren både lærelasser og budsjettstyringa i skulene.

Når det gjeld utgifter til renter har dette slått positivt ut etter 1. tertial og det er som nemnt realistisk å oppnå ei innsparing på 15 mill. kr i forhold til budsjettet. Det er lite som tyder på store endringar i rentenivået resten av året, og ein stor del av låna har fastrenteavtale. Fylkesrådmannen vurderer det derfor slik at det er forholdsvis liten risiko for avvik ut over det som er meldt inn etter 1. tertial, men utforutsette hendingar som påverkar rentenivået kan endre på dette.

Det er semje i sentrale lønsforhandlingar, så på lønsbudsjettet er det liten risiko for avvik ut over innsparing på omlag 9 mill. kr som er meldt inn etter 1. tertial. Når det gjeld pensjonsutgifter er dette for tidleg å seie noko sikkert om, men fylkesrådmannen har budsjettet med prognosene frå KLP og Statens pensjonskasse. Moderat lønsvokst er ein faktor som reduserer sjansen for auke i pensjonsutgiftene ut over det som er tatt høgde for i budsjettet.

At prognosene for konsesjonskraftinntekter etter 1. tertial ligg 10 mill. kr under det som er budsjettet er meir enn venta, så her har ein i budsjettet ikkje tatt nok høgde for ytterlegare nedgang i straumprisane. Fylkesrådmannen har tidlegare år redusert risikoen gjennom langvarige fastprisavtalar, men når mange avtaler går ut midt i ein periode med svært lave straumprisar, blir inntektssvikten stor. No er det ikkje så stor risiko for ytterlegare svikt i inntektene i 2016 ut over det som er meldt i prognosene.

Rapportmodellar

Fylkesrådmannen har arbeidd med å laga ein rapportmodell som alle avdelingane skal nytta i økonomirapporteringa. Det er utfordrande å få til felles rapport i og med at avdelingane er ulike; både i storleik og innhald. Fokuset er ulikt når det gjeld drift og tenesteyting opp mot strategi- og planleggingsarbeid.

Rapportane gjev prognose for budsjettåret 2016, oversyn over korleis avdelinga ligg an i høve til dei oppsette budsjettmåla og ei skjematiske risikovurdering der den økonomiske konsekvensen vert vurdert. I rapportmodellen som er nytta for 2016, er det også fokusert særleg på reisekostnader.

Nøkkeltal / KPIar

Fylkesrådmannen har innført kvartalsvis rapportering av nøkkeltal eller KPI'ar (Key Performance Indicators) innanfor område som er spesielt viktig å følgje tett. Ved å setje tal på oppfølginga innanfor dei ulike områda kan fylkesrådmannen følgje utviklinga frå periode til periode; og mot dei måla som er sett. På denne måten vil fylkesrådmannen raskt få indikasjonar på eventuelle avvik, og vil kunne setje i verk granskning av årsakssamanheng og påfølgjande naudsynte tiltak. Blant dei områda som fylkesrådmannen følgjer tett er økonomi, talet på sluttarar i VGS, Skyss (reisande, kostnadar og inntekter), reiseaktivitet i fylkeskommunen og lojalitet til innkjøpsavtalane. Fylkesrådmannen vil etter behov endre kva nøkkeltal han ønskjer ein oppfølging av.

Budsjettmål

Som nemnt ovanfor, er rapportering i høve til vedtekne budsjettmål ein del av rapportmodellen som avdelingane har brukt. Det går fram av dei vedlagde rapportane at avdelingane gjennomgåande, stort sett, er i rute i høve til å oppnå budsjettmålsetjingane sine for 2016.

Avdelingane sine budsjettmål er omtalt meir utfyllande i vedteke budsjett for 2016 enn i avdelingsrapportane. Avdelingane skil seg frå kvarandre når det gjeld tal og utforming på mål.

Under oppsummerer fylkesrådmannen heilt overordna avdelingane sine målrapporteringar pr. 1 tertial:

- Opplæringssektoren har iverksatt tiltak pr. 1. tertial i høve til budsjettmåla; Auka fullføring med bestått, Betre læringsutbytte i alle utdanningsprogram, At 50% av ungdomen vel yrkesfag, At 40% av yrkesskuleelever tek fag-/sveinebrev og At fleire elevar har ordinær progresjon. Sektoren kjem nærrare tilbake til prognose for målområda for budsjettåret 2015 ved 2. tertialrapportering.
- Samferdslesektoren melder for sine 5 overordna budsjettmål; 3 av dei (Nullvekstmålet og auke kollektivreiser og Satsing mot dei alvorlegaste ulykkene) så er prognosene at måla vil verta oppnådd. Mål om å oppretthalda vegkapitalen vil etter prognosene pr. april ikkje verta oppnådd i 2016. Mål om auka fokus/kontroll på store vegprosjekt ser det pt. ut som vil verta delvis oppnådd i år. Syner til utfyllande informasjon om dette i avdelingsrapporten til samferdsle.
- Økonomi- og organisasjonsavdelinga er i rute med å oppnå budsjettmåla. Eit av måla er allereie nesten oppnådd; andel efaktura er pt. opp mot 85%. På dette området er HFK best i landet. Avdelinga har mange mål, og det kjem fram av vedlagde avdelingsrapport. Det er å merka at rapporteringa ned på målsetjing og tiltak ikkje kjem i denne raprteringa, men at ein kjem tilbake med status for kvart tiltak og målsetjing ved rapportering pr. 2. tertial.
- Egedomsseksjonen har som mål å få helseverngodkjent fleire skular, miljøklassifisert nybygg og teke i bruk revidert prosjektstyringssystem. Det vert meldt om at ein er kome godt i gang med arbeidet om å nå desse måla. Ein merknad er at det er noko utfordring i høve til målet som går på prosjektstyringssystem grunna overgang til nytt økonomisystem.

- Regionalavdelinga melder at alle budsjettmåla for 2016 har prognose som tilseier oppnåing. For 3 av måla er prognosene ei delvis måloppnåing; elles vil måla for 2016 verta oppnådd. Måla til avdelinga er detaljert sett opp i budsjettet for 2016, men viktige budsjettmål går på handlingsretta planar og berekraftig utvikling, robust næringsliv og teneleg ressursforvalting i Hordaland. Fylkesrådmannen syner til nærmere informasjon på dette punktet i avdelingsrapporten.

- Kultur- og idrettsavdelinga melder at avdelinga er godt i gang med alle budsjettmåla, og at prognosene tilseier oppnåing av nesten alle mål som ein hadde sett seg i 2016. Einaste mål det pt. ikkje er sannsynleg at ein skal oppnå er å utvikle prosjektet om Bergen og Vestlandet sin internasjonale historie.

- Tannhelseavdelinga melder at dei er godt i gang med budsjettmåla sine. Det vil vera eit problem og ikkje realistisk å nå målet om økonomisk balanse i 2016, men elles er prognosene for måloppnåing positiv; det gjeld for måla som går på Tannhelsedata, Behandling i prioriterte grupper, Tidsforbruk folkehelsearbeid og Nærvær.

For ytterlegare informasjon om avdelingane sine mål syner fylkesrådmannen til dei vedlagde avdelingsrapportane. Her har avdelingane rapport status og prognose på kvar av dei vedtekne måla sine.

Tabell

Nedst ser ein at prognosene totalt for fylkeskommunen er eit underskot på 65 mill. kr samanlikna med budsjettet for 2016.

	Rekneskap apr. 2016	Årsbudsjett	Forbruk i % av årsbud	Prognose budsj.avvik	Rekneskap apr. 2015
Politiske organ og adm.					
Kostnader:	84 862	215 383	39,4 %		79 926
Inntekter:	-6 582	-9 650	68,2 %		-8 025
Netto	78 280	205 733	38,0 %	3 000	71 901
Eigedom					
Kostnader:	52 738	142 624	37,0 %		69 216
Inntekter:	-14 350	-26 624	53,9 %		-20 653
Netto	38 388	116 000	33,1 %	-5 000	48 563
Regional utvikling					
Kostnader:	59 870	225 907	26,5 %		61 214
Inntekter:	-61 348	-138 929	44,2 %		-50 155
Netto	-1 478	86 978	-1,7 %	0	11 059
Samferdsel					
Kostnader:	889 637	2 977 697	29,9 %		916 059
Inntekter:	-538 981	-1 099 282	49,0 %		-334 887
Netto	350 656	1 878 415	18,7 %	15 000	581 172
Kultur og idrett					
Kostnader:	111 713	340 630	32,8 %		113 208
Inntekter:	-11 143	-147 993	7,5 %		-9 383
Netto	100 570	192 637	52,2 %	0	103 825
Tannhelse					

Kostnader:	115 170	303 986	37,9 %		110 275
Inntekter:	-36 569	-111 826	32,7 %		-33 448
Netto	78 601	192 160	40,9 %	-9 000	76 827
Opplæring					
Kostnader:	1 047 992	2 957 950	35,4 %		1 000 850
Inntekter:	-146 350	-203 174	72,0 %		-135 813
Netto	901 642	2 754 776	32,7 %	-53 000	865 037
Skatt og rammetilskot					
Inntekter:	-2 130 002	-6 136 800	34,7 %		-2 087 446
Netto	-2 130 002	-6 136 800	34,7 %	-30 000	-2 087 446
Renter og avdrag					
Kostnader:	56 436	694 200	8,1 %		56 485
Inntekter:	-13 471	-39 300	34,3 %		-25 200
Netto	42 965	654 900	6,6 %	15 000	31 285
Kraftinntekter					
Kostnader:	19 880	50 000	39,8 %		17 468
Inntekter:	-37 882	-120 000	31,6 %		-42 125
Netto	-18 002	-70 000	25,7 %	-10 000	-24 657
Fellesfunksjonar/lønsavsetj.					
Kostnader:	8 397	152 180	5,5 %		5 159
Inntekter:	-96 361	-26 980	357,2 %		-5 583
Netto	-87 964	125 200	-70,3 %	9 000	-424
NETTO FYLKET TOTALT	-646 344	-1		-65 000	-322 858